



Sakshandsamar: Grete Hamre
Telefon: 57 64 31 41
E-post fmsfgrh@fylkesmannen.no

Vår dato
30.08.2013

Vår referanse
2013/3726
Rapportnummer
2013.007.I.FMSF

Informasjon om verksemda

| | |
|--|--|
| Namn på verksemda: EWOS AS Florø | Organisasjonsnr.: 973 083 910 Eigd av: 979 184 832 |
| Stad og kommune: Florø, Flora kommune | Kontrolldato: 20.08.2013 |
| Postadresse: 6901 Florø | Løyvedato og internt nr.: 10.10.2012 |
| Risikoklasse: 2 | <input checked="" type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert |

Informasjon om kontrollen

| | |
|---|--|
| Kontaktperson i verksemda: / tlf. / epost: Rune Ryland | Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: Anne Sigrid Loftesnes Harjo og Grete Hamre |
| Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Risikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input checked="" type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input type="checkbox"/> Anna: | <input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) <input checked="" type="checkbox"/> Sikkerhetsdatablad <input checked="" type="checkbox"/> Substitusjon |
| Bakgrunn for kontrollen: <input checked="" type="checkbox"/> Kontroll av drift i samsvar med endra løyve av 10.10.2012 | <input checked="" type="checkbox"/> Oppfølging av eigenrapport <input checked="" type="checkbox"/> Oppfølging av klage/hending/tips <input checked="" type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll |

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart ikkje avdekkja avvik under kontrollen. To tilhøve ga grunn til merknader. Desse er nærare omtalte frå side 3 i dette skrivet.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker etter at rapporten er motteken. Vedteke kontrollgebyr vert då sendt for innbetaling via Miljødirektoratet (tidlegare Klima- og forurensningsdirektoratet).

Med helsing

Anne Sigrid Loftesnes Harjo
overingeniør

Grete Hamre
overingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Om kontroll frå ureiningstilsynet

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved EWOS AS Florø den 20. august 2013

Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument (skriftlege og elektroniske), ved intervju av leiing og personar sentralt plasserte i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde i praksis. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og tilhøve innan miljøvernavingdelinga sitt forvaltningsområde som det vart gitt merknader til. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider ved verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø, vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Definisjonar:

| | |
|----------------|---|
| Avvik | Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.) |
| Merknad | Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak. |

Oppfølging etter kontrollen

Verksemda må gå nøye gjennom merknadene og vurdere kva tiltak som er aktuelle og naudsynte for å tilfredsstille gjeldande krav i HMS-lovgivingane. Merknader kan gi grunnlag for pålegg.

Vi føreset at tilhøva vert retta opp slik at verksemda vert driven i samsvar med gjeldande lover og forskrifter innan ureinings-, avfalls- og kjemikalierregelverka. Fylkesmannen avsluttar med dette kontrollen og vil følgje opp tiltaka etter denne kontrollen ved neste besøk.

Vi gjer merksam på at ein kan finne oversikt over miljøloverket på www.lovdata.no eller vist til frå www.miljodir.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta. Papirversjon av kapittelet kan de få hos Fylkesmannen.

Verksemda gir inntrykk av å vere vel driven, og internkontrollen synest generelt sett å vere godt ivareteken. Vi vil streke under at internkontrollen må omfatte ytre miljø, og at eit aktivt avvikssystem er ein god garanti for å verte betre på alle område som vert omfatta av forskrifta. Vi vil nytte høvet til å takke for ein fin gjennomgang på ein travel dag for verksemda.

Vedtak om gebyr for kontroll

Verksemda er plassert i risikoklasse 2, jf. ureiningsforskrifta § 39-6 om gebyr for kontroll som varer inntil ein dag i verksemdar med løyve. Risikoklasse er fastsett ved handsaming av utsleppssøknad og er oppgjeven i utsleppsløyvet. Det vart informert om gebyr under tilsynet og i e-post sendt verksemda.

Fylkesmannen vedtek med dette at EWOS AS Florø skal betale eit gebyr på kr. 15 200,- for kontrollen som er gjennomført.

Vedtaket om gebyr kan påklagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Dersom vi ikkje får kommentar til vedtaket, vert faktura for innbetaling til statskassa sendt frå Miljødirektoratet. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket er gjort gjeldande. Ev. klage bør vere skriftleg grunngjeven, og han skal sendast via Fylkesmannen som enten vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein ev. klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett ovanfor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følge, vert for mykje innbetalt gebyr refundert.

Offentleggjering av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

Merknader

Følgjande tilhøve ga grunn til merknadar under kontrollen:

Merknad 1 Akutt utslepp av fiskeolje til sjøen i februar 2013 vart ikkje varsla til Fylkesmannen.

Kommentarar:

Verksemda hadde eit utslepp av fiskeolje til sjøen 13. februar 2013. Ved all akutt ureining skal både det lokale brannvesenet og Fylkesmannen som ureiningsstyresmakt varslast. I internkontrollen kan verksemda vise til ei rutine for dette. I dette høvet vart brannvesenet og andre relevante etatar (oljeverndepotet, politiet) varsla, og ureininga vart rydda opp i m.a. ved å legge ut lenser og plukke opp klumpane som danna seg i det kalde vatnet. Verksemda gløymde derimot å varsle Fylkesmannen om hendinga. Dette vart gjort først 20. februar, dvs. ei veke etter utsleppet. Verksemda har i etterkant gjort tiltak for hindre at liknande skjer igjen. Det er viktig at verksemda har ein oppdatert kommunikasjonsplan som alle nøkkelpersonar er kjende med slik at rette instansar får melding med ein gong dersom det skjer ulykker, akutt ureining og andre uønskte hendingar.

Merknad 2 Eigenrapportering. Det var tatt berre to prøvar av avløpsvatnet frå oljeutskiljar i 2012

Kommentarar:

I løyvet av 10.10.2012 er det sett som vilkår at det skal takast prøvar av avløpsvatnet frå oljeutskiljar 4 gonger i året. I eigenrapporten for 2012 kjem det fram at det er tatt berre to prøvar. Dette har ikkje verksemda rapportert som avvik i den årlege eigenrapporteringa til Fylkesmannen. Vi har kommentert dette i vår tilbakemelding til verksemda datert 08.05.2013. Verksemda viser at dei har gjort tiltak i form av oppdatert rutine for prøvetaking som sikrar at det vert teke prøvar frå oljeutskiljar fire gonger i året.

